

# FORELDREINFO SEPTEMBER 2021



Møte vart avholdt 08.06.2021. Referat frå møte finn du [her](#).

Medlemmer i Samarbeidsutval og skolemiljøutval vart velde. For skuleåret 2021/2022 er det Marlen V. Allen, Linn Kydland og Hild Elin Eikevik som skal representera føresette i utvala.

Første møte i SU/SMU blir 04.10.2021

## Informasjon frå skulen

Denne månaden minner me om følgande informasjon det kan vera lurt å lesa gjennom:

- [ordensreglement](#)
- [Info-hefter](#)

Begge deler finn du på heimesida via linken ovanfor.



Skulen er no ferdig sertifisert, les meir om dette på [heimesida](#).

## Trygg på skuleveg

Minner om at syklar og sparkesyklar som elevane bruker til skulen må vera lovlege køyretøy med rett utstyr. Me har mange kreative elevar som bygger om syklar og sparkesyklar slik at dei ikkje lenger er lovlege (EL-sparkesyklar med sete, vanlege sparkesyklar med sete, syklar utan refleks og lykt mm) Me ber om at de heime ser over det elevane bruker til transport til/frå skulen og sjekkar at det er i forskriftsmessig stand. Minner og om hjelm!

Politiet har hatt ein køyretøykontroll allereie i haust, og vil foreta ein til i løpet av hausten. Me håpar at elevane unngår merknader på denne.



## Tilbod om gratis kurs

Elevane på skulen bruker Appwriter som ordliste. Me har fått tilbod om frivillig gratis foreldrekurset. Dei som er interesserte kan meldar seg på [her](#).



## Tilsyn

Den 28.09. hadde me oppstartsmøte for tilsyn frå statsforvaltarar. Dei skal denne gongen sjå på korleis skulen arbeider etter kap. 9a i opplæringslova. Sluttmøte for tilsynet er 13.12. FAU vil få presentert rapporten frå tilsynet i januarmøtet.

Det går mot haust og mørkare morgonar. Me minner om å utstyra elevane med refleks på skulevegen, både om dei står langs veg og ventar på buss, eller går til skulen.

Bjerkreimsmarken er over for i år. For mange elevar er dette eit høgdepunkt. I år arbeidde me tverrfagleg med temaet «Her vi bur», dagen før me deltok på marken. Dette gjorde me for å gje elevane ein identitet som Bjerkreimsbu og kjennskap til enkelte lokale historiar. Dei har bl.a. fått høre om korleis skulebygget kom til i 1967, smakt tradisjonsmat, sett gamle bilete frå bygda og hørt om gardsdrift før og no. Alltid kjekt å få gjera noko litt utanom i lag.

Me minnar om haustferie i veke 41. Håpar alle får ein god haustpause!

Mvh *Svanhild Gjedrem*, rektor